

Gjallarhorn

NR 3 1979

AVISA TIL LANDSFORBUNDET
AV RAUDE KOR OG KORPS

PRIS
KR. 7



INNHALD:

Redaksjonelt..	...	s	2
Leiar.	...	s	3
"Vømmøl'n" og "Ridderslag"		s	4
Litt å bite i om kor-			
metodikk.	...	s	5
Temasider: Plattforma.	...	s	9
Leserbrev.	...	s	14
Barbershop - noko for oss?		s	15
Bakside...	...	s	16

BILETET

er frå 1. maifeiringa i Trondheim i år.


(Foto: Gjallarhorn)

REDAKSJONELT



Og her er vi att med haustens første Gjallarhorn. Innhaldet står naturlegvis for ein stor del i landsmøtet sitt tekn, og vi voner at innlegga vil sette fart i debatten rundt ikring. Landsstyremøtet i mai - Gjallarhorn har ikkje vore frampå sidan før det - kom, som dei fleste sikkert veit, fram til temmeleg grunnleggjande endringsframlegg når det gjeld det politiske grunnlaget for Landsforbundet. Vi har all grunn til å tru at landsstyret si line vinn fram på Landsmøtet, og dette får også konsekvensar for den avisa du held i handa no.

Dersom landsstyret vert kutta ut, har forbundet berre to sentrale instansar igjen - sekretariatet (med notebanken) og avisa. Av desse to er det naturlegvis avisa som vil verte sentrum for dei diskusjonane som går føre seg i grunnorganisasjonane. Men om forbundet skal leva vidare må nokon føre diskusjonen og la redaksjonen få høyre om den. I fjor haust slo vi fast at ca 1% av medlemene skreiv innlegg til avisa. Idette nummeret er pro-senten dobla - til 2%. Framgang?



Avisa til Landsforbundet av Raude Kor og Korps.
Redaksjonens adresse:
Gjallarhorn, c/o Raudt Kor,
Postboks 1242, Singsaker,
7001 Trondheim.
Postgiro: 3 38 54 16

Landsforbundets adresse:
LRKK,
Postboks 1737,
5011 Nordnes,
Postgiro: 3 56 20 06

Joda. Men nok? Det er det ikkje. I Trondheim Raudt Kor har vi hatt opptil fleire sartige diskusjonar mellom anna om plattformframlegget frå landsstyret og dette har førebels munna ut i tre avisinnlegg. Kvifor får vi ikkje høyre di mening?

ØKONOMILIN

til avisa er som den alltid har vore. Svak. Men jo fleire eksemplar vi sel, jo sterkare vert den. Og det er ikkje naudsynt med medlemskort i forbundet for å kjøpe den. Du kjenner sikkert nokon som er interessert, gjer du ikkje?

Og ikkje gløym landsmøtet i Trondheim 3.-4. november.

red



LEIAR



Det andre landsmøtet i Landsforbundet av raude Kor og Korps som skal heldast i Trondheim 3. og 4. november, vil ta opp sær s viktige saker for forbundet vårt, og for heile den progressive kulturrørsla. Landsmøtet vil oppsummere dei to første åra til forbundet, og stake opp vegen framover.

Landsstyret (LS) har gjort framlegg til omfattande endringar i både organisasjonsstrukturen og den politiske innrettinga til forbundet. Innhaldet i desse framlegga finn ein i styrebulletinen frå mai d.å., forslag til vedtekter for LF og i framlegget til formålsparagraf. Det er svært viktig at flest mogleg, helst alle medlemmer får høve til å sette seg skikkeleg inn i desse framlegga, og ta del i diskusjonane fram til landsmøtet.

Då vi skipa LF, gjorde vi fleire viktige feilvurderingar. Vi tok for gitt at korrørsla, som i 1977 var i stor utvikling, ville fortsette å vekse og utvikle seg. Men i staden er talet på kor og korps redusert til det halve. Vi tok det

nærast for gitt at det var ein sentralistisk organisasjon vi hadde bruk for, og såg mest bort frå vanskane med å drive ein slik organisasjon. Tenk på kostnadane ved å samle dei politisk og musikalsk sterkaste folka frå heile landet til leing. Den plattformen vi sette opp, avslører at vi hadde ei svært snever innstilling til den progressive kulturen, og overfor kulturlivet som heilskap.

Kort oppsummert: Forbundet har ikkje svara til dei forventningane vi hadde i 1977. I staden for ein slagkraftig organisasjon som kunne sveise oss saman og gje den progressive korsongen og korpsmusikken ei stadig større utbreiing, sit vi i dag att med eit tungrodd og byråkratisk organisasjon med store økonomiske vanskar.

LS har spurt seg sjølv: Kva er det faktisk vi treng, og kva treng vi det til? Kva treng musikklivet i Noreg? Kva er det LF har som er liv laga?

Landsstyret foreslår ei sterkt forenkla oppbygging av forbundet: Dei sentrale funksjonane vert redusert til notebanken og avisa. LS held fast ved at LF bør vere ein medlemsorganisasjon, men at det endrar karakter frå ein sentralistisk organisasjon til ein sevice- og koordineringsorganisasjon. Innret-



tinga til forbundet vert og endra, til ein breiare organisasjon (både når det gjeld gruppetype og politisk innretting). Både visegrupper, songteater og storband, t.d., vil bli godtekne som medlemmer.

I staden for at alle medlemmer må vere samde i ei omfattande og snevert innretta plattform vil vi no få ein minimums formålsparagraf som alle gruppene må godta for å vere med. Dersom gruppene ynskjer å markere seg krassare i det politiske terrenget enn det formålsparagrafen tilseier, skjer dette ved at det lokalt supplerer formålsparagrafen. Vi opnar dermed for alt fra raude kor og korps (som på ingen måte må leggest ned der dei er liv laga) til målkor, kvinneteater, miljøvisegrupper o.l.

Som de skjønar, det vert lagt opp

til store endringar. Difor er det særst viktig at alle set seg inn i dei forslaga som LS har kome med. Alle grunnorganisasjonane har fått tilsendt styrebulletin, med forslaget til formålsparagraf og vedtekter som vedlegg. Snakk med styret dersom du ikkje har fått lest desse papira enno. Elles minner vi om at LS har utlyst konkurranse om forslag til nytt namn på forbundet.

Til slutt: Dersom vi skal klare å gjere forbundet gjeldsfritt innan landsmøtet, lyt de henge i, bruk fantasien og arranger festar, basarar, konsertar osb. for å skaffe pengar til sanering av gjelda.

Vel møtt til 2. landsmøtet til Landsforbundet av Raude Kor og Korps i Trondheim 3. og 4. november!

«Vømmøl,n» og «Ridderslag»

Kvifor er ikkje Raudt Kor på Norsk-toppen? Latterleg tanke? Vømmøl spelemannslag var der. Visesongen var ikkje meir utbreidd (blandt dei "breie lag") enn korsongen var då Vømmøl slo gjennom. Men Vømmøl gjekk nye vegar og opna folk sine øyrer for progressiv visesong.

Kor mange gonger skal vi i dei

raude kora syngje "Arbeidermarsj" før vi finn ut at ingen orkar høyre på den? Eg er redd vi må ta til å tenkje i heilt nye banar på alle område om vi ikkje skal syngje oss rakt inn på musea.

Firstemt.

Med sopranane forrest til venstre. Og Raud Front-songboka i handa.

olf

LITT Å BITE I OM KORMETODIKK

No som allslags sommarferie byrjar ta slutt og eine koret etter det andre startar opp att like friske og utkvilte som korpsa (!?), er spørsmålet: Kva skal vi gjera no?

Det skulle ikkje vera mangel på noko å ta seg til: Vi skal førebu andre landsmøtet i landsforbundet. Vi skal grava fram spennande bra repertoar og våge æra i nye sprelleville forsøk på framføring (sjølv om ikkje alle er så heldige å ha jubileum i haust..).

Kormetodikk, ja. Har vi skulering og Emil langt opp i halsen, eller skal vi stikke fingeren i jorda og sjekke kursen? Dersom opplegget frå i vinter har sett seg på tverke her og der, får vi lirke og løyse, finne ein ny vri så vi kjem vidare. For vidare må vi.

Kinatur-ensemblet vårt fekk omlag denne omtalen av ein kulturarbeidar i Changsha: De har få enkeltpersonar som utmerker seg, men det de gjer i lag er profesjonelt. Om det var snilt sagt, skal ikkje eg seia. Men at kollektivinnsatsen er styr-

ken til dei raude kora, akkurat som det har vore styrken til heile den norske korrørsla oppigjennom, er både sant og rimeleg. Truleg gjeld dette for korpsa og.

Når turnekoret (for å snakke om det) tyktest å ha gjennomgåande høgare kvalitet enn normalt er for dei raude kora, har det konkrete årsaker: Sangteknikk, notekunnskap og innstuderingsmetode.

Turnekoret hadde ikkje berre den fordelten at deltakarane var plukka ut pga. ein viss dugleik. Turnekoret hadde den fordelten at det kunne stå saman og nytte det beste av metodikken frå dei ulike kora som var representert, i hovudsak i stemmebruk og innstudering.

Røynslene vi gjorde her er det fyrst og fremst deltakarane som må overbringe til sine kor. Nedanfor skal eg ta for meg tre øvingar, og oppsummere litt om innstuderingsmetoden til Emil.

ATTAKK

Å setja an tonen presist, reint og

i rett styrke er ein kunst som må øvast opp. Vi må koma over den "trygge" kjensla som gjer at vi t.d. set an tonen for seint/for tidleg, skilir inn på tonen, eller prøver å "gøyme" oss bak meir sikre sangarar. For å få til det, må vi trene på å "angripe" tonen.

Ei av Emil sine tekniske øvingar for kor tek for seg dette. Denne øvinga kan gjerast stemmegruppevis, jentene og gutane kvar for seg, eller med koret samla: Bestem tone i eit passeleg leie (t.d. f/f'). Leiaren dirigerer ein takt. Presist på 1-erslaget i neste takt set fyrste sangaren an tonen med klar attakk, går litt tilbake i styrke og held tonen (tjuvpust): På neste einer gjer neste sangar likeeins, så neste, osv. til alle har angripe tonen:

HOMOGENITET

At vi høyrast ut som eitt kor og ikkje som 30 solistar har litt med attakk å gjere, men ikkje berre det. Vi har ulike stemmer, ulike dialekter, ulik sangteknikk, kan hende er vi ikkje like nøye på å ta tonen reint, osv. Skal vi få eit bra resultat må vi ta fleire konkrete tiltak (og bra skal det jo bli). På de mest tydelege stadenene må vi avtale korleis vi skal uttale eit ord, utføre ei rytme eller ei pause o.l. Ei øving som er godt eigna til å avsløre slike stader, og til å jenke oss til kvarandre allment, er slik: Stemmegruppa (viktigast, kan og brukast i koret samla) stiller seg i tett ring, så alle høyrer einannan godt. Bestem tone. Tjuvpust og hald tonen alle saman. Syng t.d.

Attakk

Syng på "mmmm". Den som angrip skal høyrast tydeleg over dei andre som held tonen frå før. Stå gjerne i ring eller halvsirkel i starten, så alle høyrer alle.

på "ooo". Prøv å få alle stemmene til å gli saman til ei flate, ei einaste "felles" stemme (det krev konsentrasjon)! Varier med å syngje på "mmm", "ååå" eller "aaa".

Prøv så å gjennomføre *crescendo* og *decrescendo* utan at "flata" går i oppløysing (merk: stemma vil gjerne stige ved *crescendo* og sekkje ved *decrescendo* - unngå det). Dinest: syng melodien de øver på fyrst utan, så med tekst. Fyrst pp, så sterkare. Hald "flata"!

FLEKSIBILITET

Å kunne hoppe frå tone til tone lett og ledug, meistre alle sprang, store og små, lette og vonde, krev og særskilt trening. Den andre eg skal presentere av Emil sine øvingar for kor, tek for seg dette. Prinsippet er enkelt: Vi brukar ein skala (dur, moll, kromatisk -).

Fleksibilitet



Bestem grunntone. Syng etter tur intervalla frå grunntonen til dei andre tonane i skalaen opp (eller ned) til oktaven. Start i roleg tempo, med vekt på å syng rett skala (i moll eller kromatisk er det vanskeleg nok) og med reine tonar. Syng t.d. på "nå" eller "na". Auk så tempoet gradvis, til litt forbi det punktet der det enno er mogeleg å treffe tonane reint. Det låge tempoet øver intonasjonen, det raske øver fleksibiliteten. Øvinga

kan og syngast på "a", og varierast på tusen andre måtar.

INNSTUDERINGSMETODEN TIL EMIL

Har skapt frustrasjon i fleire kor (og korps). Ei viktig årsak er truleg at både Emil og vi har handtett metoden litt stivbeint. Eg står framleis på at metoden er den beste vi har tilgjengeleg - så snart vi har skaffa oss føresetnadane for å bruke han

For det fyrste må vi oppdage poenga ved metoden. Kvifor er akkurat desse ledda med? Kva skal kvart av dei tene til? Kvifor akkurat denne rekkefølga? osv. For dei fleste

av oss tek det tid å oppdage dette, og til vi dirigentane har gjort det (gjennom praksis) kjem metoden til å verke firkanta både for oss og medlemene elles.

Etter det eg kan sjå, bygger metoden på desse pedagogiske prinsippa:

- Løys eitt problem om gangen, luk vekk feil tidleg, medan det er lett.
- Bygg opp frå grunnen av: Lær ting for ting og set saman.

- Heile ensemblet skal vite kva som skjer i verket: Medvit/samkjensle Dette ser sikkert fint ut på papi-ret, men vi må prøve det i praksis for å skjønne det konkret.

For det andre ser det ut til at kormetoden krev eit minstemår av notekunnskap. Under pkt. B.1 og B.2 har ein god del opplevd at dei "mister sporet", ikkje veit kvar i melodien dei er lenger. Kan ein ikkje følgje med, bli sjølv sagt det heile meiningslaust. I tillegg til notekurset er det sikkert ei hjelp om dei mest notesterke på stemmegruppa følgjer melodien/stemma med blyantspissen, så dei andre kan sjå - til dei blir meir sikre.

For det tredje: Tidsfaktoren.

Mange har kutta ut heile del A, Tekstanalyse, pga. tida det tek, at vi har opplevd øvingar der vi ikkje har sunge ein tone, berre snakka tekst. Argumentet at det tek for lang tid blir og brukt mot B.1 (og delvis B.2).

Emil sitt standpunkt kan lett opp-fattast som "Alt eller ingenting", difor har somme lagt metoden vekk. Eg trur vi gjer han urett slik. Eg trur det er rett at sluttresultatet ikkje blir like bra dersom noko ledd blir kutta ut, og at vi må motivere oss sjølve til å ta den tida det treng å skape slagkraftig kvalitet. Men til vi har nådd så

langt at vi forstår og meistrar metoden som heilskap, bør vi bruke aktivt dei ledda som vi får til å fungere, medan vi studerer, prøver ut og diskuterer resten.

Til slutt: Litt om "tillemping" Kinatur-koret nytta stort sett B.0 og B.3, med innslag av B.2. Berre i løpet av B.3 kunne eit verk endre seg til det ugjenkjennelege, gjennom at detaljinstruksjonen vart skjerpa frå par til par medan resten av koret lydde på. Kva kan ikkje då metoden som heilskap ut-rette?

No får det vera nok. Lukke til!

Jon Egil/LS



tema

plattform

Trondheim Raudt Kor har i sommer hatt diskusjonar om forbundet si plattform. Det sentrale spørsmålet har vore sosialistisk grunnlag eller ikkje. Tre av debattantane legg her fram synet sitt:

Sosialisme i plattform !

I koret er det enighet om at vi skal arbeide med repertoar og opp-tredener for å nå bredere ut enn hittil og for å komme bort fra det gravalvorlige. Vi skal ta folks behov for humor alvorlig, og ikke la underholdning forbli terrenget for kommersiell kultur. Vi har en politisk målsetting med kulturarbeidet og vil ta opp folks liv og virkelighet i det vi synger, og vi skal ha kvalitet på det vi framfører.

Spørsmålet om sosialisme i plattform reiser to nye spørsmål:

- 1) Avgrenser det oss fra publikum vi ønsker å nå og fra de vi ønsker å ha med i koret?
- 2) Hva betyr det å ha sosialisme i plattform for korets politikk: Betyr det at vi beholder et repertoar av "kampsanger" ved siden av et annet repertoar for et bredere publikum, eller har det konsekvenser for utvikling av et nytt repertoar?

Jeg skal ikke si så mye om det første spørsmålet annet enn at vi allerede er et politisk kor som arbeider for et annet samfunn (sos-

ialistisk) og at også fagforeninger og sosialdemokratiske organisasjoner har programfestet å arbeide for sosialisme. Sosialisme sier ikke noe om en fullstendig analyse av verden idag eller om veien å gå. I vanlige folks bevissthet sier det noe om rettferdighet og likeverdighet.

Jeg kommer derfor over på spørsmål 2. Har det noen betydning å ha sosialisme i plattform, og hva betyr det? Betyr det bare at vi beholder et kampsangrepertoar som vi kan synge på mer eller mindre lukkede møter uten at vi får prinsipielle diskusjoner om det? Eller blir det en programforklaring som ikke har praktiske konsekvenser omtrent som den nåværende plattform har fungert? Etter min oppfatning kan sosialisme i plattform ha konsekvenser for hvordan korets politikk utvikles videre. Jeg oppfatter ikke sosialisme som et alibi for å ha noen arbeidetsanger på lager eller for å kunne stille opp på 1.mai. Etter min mening kan det ha betydning for vårt mål: å nå bredere ut og ha en politisk funksjon. Sosialisme betyr ikke at vi dermed

har en pakkeløsning for alle problemer som vi presenterer i vårt kulturarbeid, verken som konklusjon i tekst eller som forpliktet nummer på hver opptreden. At vi arbeider for sosialisme betyr i første rekke noe for hvordan vi analyserer samfunnet: som et kapitalistisk samfunn med grunnleggende klasse motsetninger som skaper spesielle problemer og behov (bl.a. for underholdning for å holde ut i en ellers utsiktsløs arbeidssituasjon, for flukt fra virkeligheten og dagdrømmeri der hvor virkeligheten ikke byr på perspektiver om forandringer i ens egen situasjon osv.) Ei sosialistisk plattform betyr ikke at vi har en ferdig analyse av vårt samfunn i alle sine aspekter, men det sier noe om de kategorier vi bruker for å utvikle analysen. Det gir grunnlaget for de politiske diskusjonene vi trenger for å utvikle arbeidet med å nå ut til andre målgrupper enn de vi når med koret nå.

Hvis vi ikke sjøl blir i stand til å analysere mulighetene og behovet for vårt kulturtilbud, er de eneste kriterier for progressivt kulturarbeid det vi gjennom allmene politiske diskusjoner kan definere som progressive saker. Vi kan da som kulturarbeidere bidra som understøtting av disse sakene og støttebevegelser eller grupper ved å ta opp deres sak i sang og musikk. Kulturelle støttespillere, eller

vil vi noe mer???

En egen og sjølstendig politisk funksjon får vi ikke med ei sosialistisk plattform, men vi kan jo begynne å arbeide med det og se om vi, sammen med andre og med utgangspunkt i våre erfaringer med kulturarbeid, kan ta et lite skritt på veien.

Derfor trenger vi også et politisk landsforbund.

Forslaget til landsstyret setter omtrent likhetstegn mellom progressiv kultur og nasjonal kulturarv med en henvisning til "arbeiderklassens mangfoldige kultur". Bruken av nasjonal kulturarv, bl.a. i musikken, av fascistiske organisasjoner viser iallfall at nasjonal musikktradisjon ikke uten videre er progressiv.

Spørsmålet om plattform er spørsmålet om hvem vi vil organisere oss sammen med for å utvikle den politiske funksjon til korene. Samarbeid med andre grupper og individer mener jeg i første rekke bør komme istand i vårt eget arbeid. Som kor har vi dessuten mye å lære av andre og ikke-progressive kor og organisasjoner når det gjelder arrangement og kvalitet, og disse faller likevel utenfor et "progressivt nasjonalt landsforbund".

Bente, Tr.heim

Er vi sekterister ?

Jeg synger i RK Trondheim. Tidlig på forsommeren var Trondheim i 2 helger prega av korsamlinger. Den ene helga var det 4000 hvite luer å se, den neste 2000.

Hva gjorde så Rødt Kor? Bare bivånte det hele.

Selv har jeg bakgrunn fra skolemusikken. Vi dro hver sommer på korpsstevner. Der utveksla vi erfaringer og knytta kameratskap og vennskap med alle og enhver, bare de hadde en stevne-medaljong på brystet.

Jeg ønsker ikke å trekke sammenligningen for langt, men det ligger noe i det!

Hadde vi hatt mulighet til å være med på slike arrangementer (at det ikke hadde stått i motsetning til LRKKs vedtekter), og hadde vi hatt bra kvalitet på det vi framførte, visst hadde vi fått respons!

Vi som virkelig mener vi har innhold som trengs å komme ut: vi isolere oss og opptrer i hovedsak for "menigheta".

Påstanden min er at forbundet ikke har livets rett hvis vi fortsetter i samme gate!

Kari E. Tr.heim

Forbundet i framtida

Jeg går inn for at forbundet blir organisert slik som det er foreslått i styrebulletinen for mai -79: At det blir åpent for en større del av den progressive musikkbevegelsen i Norge. Og at det får en minimumsformålsparagraf omtrent som den som er foreslått i utkastet fra Landsstyret. (Jeg tror den kan utformes bedre). Denne minimumsparagrafen bør ikke si noe om sosialisme.

For å unngå misforståelser, vil jeg understreke at jeg mener de enkelte

røde kora og korpsa som er idag, skal fortsette å være røde og ha sosialisme i plattformene sine. Jeg mener altså ikke at vi skal "legge oss flate for "høyrevinden"".

Hvorfor vil jeg ha et nytt forbund? En grunn til det er at jeg tror ikke det er praktisk eller økonomisk mulig at forbundet fortsetter slik som det er idag (se mer om dette i styrebulletinen fra LS for mai -79).



FORBUNDET I FRAMTIDA, forts.

En annen grunn er at LS's skisse for ny organisering virker veldig fristende. Jeg tror vi har mye å lære av folk utenfor det LF vi har idag. Jeg skulle ønske vi kunne få tak i en del flere av alle de fine tekstene og notene som må finnes rundt i landet. Og jeg tror vi kan lære av andres måter å sette sammen repertoar og å jobbe på. Omvendt må de kunne lære noe av oss, og de kan hjelpe oss med å spre bra sanger. Da trengs en felles notebank. Vi har tatt mål av oss til å utvikle den progressive kulturen her i landet. Vi kan gå i spissen for det, men vi kan ikke utvikle den alene. Vi må diskutere med andre progressive kulturarbeidere hvordan den kulturen bør være. Da trenger vi f.eks. ei felles avis.

Det finnes mange som jeg gjerne vil at vi skal dele notebank og avis med. For å ta noen kjente grupper som eksempel, kan jeg nevne Viseklubben Lovisa og Bøgdalaget. (Visegruppe fra Hegra i Sør-Tr.-lag, red.anm.). Ingen av dem har sosialistisk plattform, så vidt jeg kjenner til, men at de har noe å fare med, det er helt sikkert! Jeg mener at de og andre (f.eks. kvinnegrupper, anti-imperialistiske grupper, sangere som tar opp "utkant-Norge"s problemer osv.) gjør en kjempefin jobb. Deres bidrag er en veldig viktig del av

den progressive kulturen.

Jeg tror ikke de vil være med i et forbund som har sosialistisk plattform. Derfor bør vi heller samles om det vi kan samles om. Etter min mening er det en hel del.

Som jeg ser det har vi ingenting å tape på å utvide forbundet, men mye å vinne. Heller et stort progressivt forbund enn et lite sosialistisk. Ikke sånn at det er galt å være liten, men det kan være lurt å ha mange å slåss sammen med når det gjelder. Og det det gjelder idag mener jeg først og fremst er å bringe ikke bare oss sjøl, men hele den progressive kulturbevegelsen framover.

Noen i Trondheimscoret syns vi må ha med sosialisme i plattformen for å utvikle folka som er med i forbundet. Men ei plattform er vel ikke noe særlig nyttig til å utvikle; man er for eller mot, med eller utenfor. Derimot gjennom avisdiskusjon og på stevner kan man påvirke og la seg påvirke av hjertens lyst.

De som liksom ikke er så veldig politisk bevisste, men som jobber bra med enhetssaker, vil sikkert kunne få endel mer å tenke over gjennom å lese/delta i debatt i den nye avisa. Og det vil nok vi og! Det blir litt for mye "innavl" i forbundet som det er nå.



I Trondheimskoret var det noen som mente at dersom forbundet ikke skulle ha ei sosialistisk plattform, så kunne vi like godt slutte oss til nåværende musikkorganisasjoner.

De fleste nåværende musikkorganisasjoner for utøvende amatører er ikke progressive (de andre korforbunda, f.eks.). Men kan det ikke finnes noe imellom dem og et forbund med sosialistisk plattform? Det bør det.

Kvinnefrontens kulturgruppe i Trondheim har ingen sosialistisk plattform. Men det er allikevel stor forskjell på den og Nidaros Domkor / Trøndelag arbeiderkorforbund - politisk sett.

Noen her i koret mener at vi med et sosialistisk forbund allikevel kunne samarbeide med folk som var progressive, men ikke sosialister. Det kunne vi nok, men det ville bli vanskeligere. For at folk skal

bruke avisa, må den være deres avis. Jeg tror ikke at noen i ei "utkant-Norge-visegruppe" ville bry seg om å lese i/skrive til ei avis om og av Raude Kor og Korps.

Har vi så mulighet til å få med andre folk i et nytt forbund? Jeg mener vi kan prøve. Vi kan ta kontakt med de som vi mener burde være med og høre om de er interessert + hva slags forbund det kan være interesse for.

Jeg vil spørre dem som vil ha et forbund av dagens type eller et sosialistisk forbund for flere enn kor og korps: Hva er det for noe bra vi gjør idag, som vi ikke kan fortsette med innafor et forbund som er utvida til også å omfatte progressive folk som ikke er erklærte sosialister? Det skjønner jeg ikke, så det må dere forklare grundig, bruk eksempler! Jeg mener f.eks. at det går an å ordne kor/korpsstevner og -seminarer innafor det nye forbundet.

De enkelte røde kora og korpsa vil kunne ha sosialistiske plattformer fortsatt. De gir altså ikke slipp på det de står for, men på en del av det vil de kunne stå sammen med andre.

SÅ HVORFOR IKKE?

-Skriv til avisa du også!

Hilsen Anne, Trondheimskoret.

leser
attleser
battlese
ebattle
vdebattl
evdebattl
debat
ba



Inn i Norges Musikkorpsforbund!

Landsforbundet av Raude Kor og Korps er samde om at det trengst ein ny plattform, slik at vi kan gå breiare ut og rekruttera folk på eit kulturellt grunnlag. Det er bra, men ikkje godt nok!

Skal vi først gå breitt ut og rekruttera folk på eit kulturelt grunnlag, kvifor då stå utanfor Norges Musikkorpsforbund?

Norges Musikkorpsforbund er ein samleorganisasjon for amatørmusikk-laga i Noreg og har om lag 70.000 medlemmer. Formålsparagrafen er:

1. Å virke for forståelse av musikkens oppdragende og skapende betydning i samfunnet.
2. Å legge forholdene bedre til rette for musikklivet, og bidra til å høyne kvaliteten av korpsmusikken overalt i landet.
3. I all sin virksomhet å være en organisasjon som - gjerne gjennom samarbeid med beslektede organisasjoner i inn- og utland - skal fremme vennskap og samkjensle og bidra til utveksling av erfaringer og kulturelle verdier.

Er det noen som mener at denne for-

målsparagrafen er reaksjonær? Er vi for gode til å dra nytte av dei skoleringstilboda NMF kan gje oss? Er vi sterke nok til å konkurrera med NMF når det gjeld å arrangera stemner, konkurransar, o.s.b.? Er vi så mange at vi har råd til å isolera oss frå dei 70.000 medlemene i NMF? Med andre ord, kvifor er vi ikkje med i NMF?

Forslag: 1. Leiinga i LRKK bør undersøkje spørsmålet om dobbelt-medlemskap med NMF, og leggja fram resultatet i neste nr. av avisa.

2. Debatten om NMF bør reisasast i samband med plattform-diskusjonen, og ikkje skuvast ut i det blå.

RW/Varden

Barbershop - noko for oss?

For den som ikkje har høyrd eller høyrd om Det Norske Kammerkor må namnet uvilkårleg assosierast med eit høgseriøst elitekor i nasjonal toppklasse. Ut ifrå denne føresetnaden vert det fyrste møtet med koret mildest tala overraskande. Ikkje så å forstå at songkvaliteten er lågare enn namnet skulle tyde på - bevarer, - men dei syng BARBERSHOP.

Denne songstilen oppsto i USA rundt århundreskiftet - i den tida da det var for få barberarar og folk sat i kø hos dei. Barberarane



song medan dei arbeidde, naturlegvis, og etterkvart tok kundane til å syngje over- og understemmar - alt etter stemmeleie. Melodiane var oftast rolege jazzlåtar som vart harmonisert med særskild tette akkordar.

På Det Norske Kammerkors hittil einaste LP - "Dalilas barbershop" - er mykje av dei same melodiane nytta, men ikledd norske tekstar (for det meste skrivne av Geirr Lystrup og dirigenten Per Oddvar Hildre). Og dei framførast på sunnmørsdialekt. Grunnen til det siste er naturlegvis at koret består av sunnmøringar - nokre utgått frå SKRUK (Sunnmøre Kristelige Ungdomskor) og elles frå skolemiljøet i Volda.

Songkvaliteten har eg såvidt nevnt - den er utruleg høg. Dette, saman med friske og humorfylde tekstar og nydeleg arrangement gjer plata til ei koroppleving som berre overgås av å høyre (og sjå!) Kammerkor koret "live".

La deg ikkje skreame av at plata er gjeven ut på Kirkelig Kulturverksted - der har dei alt fått påpakning for å ha sendt ut eit så verdsleg produkt.

Indert

		
NR 3 1979	AVISA TIL LANDSLAGET RAUD MUSIKK (LaLaRM)	PRIS KR. 7



Enkelte av våre lesere (ikke mange, naturligvis) har hevet sine øyenbryn i undring og skepsis over Gjallarhorns navn og forsideheading. I den senere tid er også skepsisen utvidet til å omfatte hele LANDSFORBUNDET's navn. I pakt med disse nye strømninger i tiden - noe redaksjonen for det meste er - har vi tillatt oss å foreslå en KOMBILØSNING på alle disse skepsiser. Men, og vi understreker det, dette er ikke noen ENDELIG løsning. Redaksjonen (og forøvrig også våre lesere) har god tid på seg til å legge frem ENNA bedre forslag. Intet blir vedtatt før på LANDSMØTET.

Denne "alternative forsida" stod opp-ned på baksida av bladet.